



ÅRSMELDING

for året 2015

Sandsøy Idrettslag
6089 Sandshamn

Hovudsamarbeidspartner 2015:





Årsmelding 2015

Tillitsverv 2015

Sandsøy Idrettslag har i 2015 bestått av hovudstyre, trimgruppe, fotballgruppe, banenemnd, kiosknemnd, valkomité, rekneskapsfører og revisorar.

Det har vore totalt 26 tillitsverv, fordelt på 20 personar, der åtte er kvinner og 12 menn. Av dei 26 verva, er ti dekt av kvinner og 16 av menn. Seks personar har hatt to verv kvar.

Hovudstyre:

Leiar: Anne Bjørg Bringsvor
Nestleiar: Endre Vorren
Sekretær: Eirik Voksøy Bringsvor
Kasserar: Svein Helge Bringsvor
Styremedlem: Knut Olav Skare
Vara: Bjørn Voksøy

Undergrupper og nemnder:

Leiar, banenemnd: Arnvald Bringsvor
Leiar, kiosknemnd: Anne Bjørg Bringsvor
Leiar, trimgruppa: Anders Bringsvor
Leiar, fotballgruppa: Svein Helge Bringsvor

Valkomité: Jorunn Worren, Vidar Waage, Solgunn R. Våge
Rekneskapsfører: Tor Arne Bringsvor
Revisorar: Jan Bugge, Anna Kirsti Skare

Viser til liste over tillitsverv for fullstendig oversikt.

Styret sitt arbeid

Det er siste året halde sju styremøte, der totalt 36 saker er tekne opp.

Dei mest omfattande sakene i 2015 har vore innbrotssaken frå 2013 og klubbhusprosjektet. Vi har også vore involvert i grendalaget sitt prosjekt med å stasjonere hjartestartar her på øya. Denne er no på plass og operativ frå veggen på brannbilgarasjen.

Den skuldige for innbrotet på klubbhuset for snart tre år sidan skulle betale for skadeverket innan oktober, men det vart ikkje meir enn halvparten. Dermed gjekk saken tilbake til Politiet. Heile saken har vore rotete, og då Politiet gav uttrykk for at dei ikkje kom til å gjere stort vidare, bestemte vi oss for å avslutte saken.

I løpet av året har klubbhuset vorte utvida slik at arealet totalt no er om lag tre gongar storleiken på det gamle bygget. Rett nok er tilbygget langt i frå ferdig, men prosjektnemnda har lagt opp til at vi kan ta i bruk treningsstudioet og garderobene i løpet av 2016.



Årsmelding 2015

I tillegg til det ordinære årsmøtet den 6. februar 2015, vart det halde ekstraordinært møte den 15. juli for å gjere vedtak som var nødvendig for søknad om byggelån.

Finansieringa har for så vidt gått greitt, og etter planen, men det vart seingang i saken, då kommunen måtte inn i biletet med overdraging av eigedommen for å få på plass byggelånet. Dette er framleis ikkje på plass, men ting skaut litt fart då dei også trengde grunnavtalen for å få vidareseende spelemiddelsøknaden vår.

Styret vedtok i haust at vi kjøper inn ubrukte treningsapparat. Vi har inne ein avtale med leverandør, og dei ventar berre på klarsignal for levering når klubbhuset er klart til å ta i mot.

Vi har også vore representert på eit møte i regi av Møre og Romsdal Idrettskrins og Noregs Idrettsråd, der tema var spelemidlar og tilskot, og to møte i Sande Idrettsråd, der kulturmidlar og lokale aktivitetsmidlar først vart fordelte, før kulturmidlane måtte fordelast på nytt på grunn av ny informasjon om retningslinjer for tildelinga.

Alle idrettslaga i Sande har etter eit innleiande møte med Sunnmøre Fotballkrins, gått saman for å sjå på alternativ for framtidig organisering av barne- og ungdomsfotballen i kommunen. Det er førebels ikkje kome noko konkret ut av samtalanene, som baserer seg på tre skisserte alternativ. Desse er å halde fram som før, slå saman alle fotballgruppene til ein klubb, og ein kombinasjon av dei to første.

Trimgruppa er også i gang med eit fellesprosjekt med naboidrettslaga. Målet er å forbetre turløypene i dei ulike bygdene. For vår del er løypa til Dollsteinen inne i prosjektet. I tillegg skal det setjast opp informasjonstavler med kart over alle turløypene.

Aktivitet i idrettslaget

Sjutoppsturen

Den ellefte utgåva gjekk av stabelen langfredag 3. april. Trass i eit ustabil vêr med snøbyger, og ein stor del av løypa dekt av snø og slaps, var det imponerende 321 betalende deltakarar. Av desse var 227 mosjonistar og 42 konkurranseløparar, medan 52 gjekk turmarsjen rundt Vågen. Om lag 50 personar nytta seg av prøveprosjektet med busstransport frå og til ferja.

For andre året på rad vart løyperekorden forbetra. Eirik Voksøy Bringsvor kom i mål på tida 1:33:50, og sytte dermed for heimesiger. Blant damene var Jenny G. Schefte frå Elnesvågen raskast med tida 2:11:05. Arnvald Bringsvor og Thomas Voksøy Bringsvor fekk pokal for ti fullførte deltakingar sidan den første offisielle utgåva, i 2005.

Fotballaga

Også dette året hadde vi tre aldersbestemte lag som alle var i samarbeid med Kvamsøy IL. Dette var gutar/jenter 8 år, jenter 12 år og gutar 12 år. Dei to sistnemnde spelte enkeltkampar i serie, medan dei yngste deltok på turneringar. I tillegg var alle laga med på Gursken Cup i august og Tare Cup i november.



Årsmelding 2015

Tolvårslaga spelte halvparten av heimekampane sine på Sandsøya, og resten på Kvamsøya. Det vart totalt seks enkeltkampar på grusen i Oshaugane. I tillegg var åtteårslaget vertskap for ei flott turnering i juni. Her var det felles innmarsj og presentasjon av alle laga, samt eit populært initiativ med eige grilltelt i tillegg til kiosken.

På desse tre laga har vi hatt med fem jenter og sju gutar. Treningane har vore både på Kvamsøya og på Sandsøya. Sesongen vart avslutta med sosialt samvær på Dollstun den 13. november.

Trimtilbodet

Året 2015 toppa dei føregåande gode åra når det gjeld bruken av trimløypene på Sandsøya og Voksa. Med totalt 12 944 signeringar fordelt på dei elleve bøkene, var det ein oppgang på 1 914 frå 2014, då folk skreiv seg 11 030 gongar. I 2013 var talet 7 058, men då med to færre trimpostar.

Totalinntrykket er at svært mange er i aktivitet regelmessig – nokre også i svært stor grad. Med innføringa av dei to nye postane på Sandslegene og Kulen i 2014, har vi sett at nye namn har teke naturen i bruk. Spesielt den eldre garde imponerer stadig med turar året rundt.

Dette året har det vorte lagt opp til at borna vert premierte som før, medan det innførast eit nytt opplegg der dei som oppnår gitte poengsummar, får heider og ære i form av ein diplom i valørane gull (1000 poeng), sølv (500) og bronse (300). Høvesvis åtte, tolv og elleve personar klarte dette.

Fullstendig statistikk er å finne på sandsoyil.no, og vi viser også til trimgruppa si utdeling av premiar for trimåret 2015.

Friidrettsgjengen

Frå nyttår til og med juni hadde vi ei gruppe i alderen 5-12 år som trente ein gong i veka. Først i gymsalen, deretter utandørs ved skulen og på idrettsbana. Oppmøtet varierte noko, men aktivitetane vart lagt opp uavhengig av antal deltakarar. Eirik Voksøy Bringsvor hadde hovudansvaret, medan Endre Vorren og Ingrid Bringsvor Voksøy steppa inn ved eit par høve.

Gjennom vinteren var fokus på allsidig og grunnleggjande fysisk trening. Utover våren var det meir terrengløp, før typiske friidrettsøvingar på bane vart utprøvt. Ni av ungene var med på 1. mai-løpet på Åheim, alle med god innsats.

Den 24. juni arrangerte gruppa terrengløp i Oshaugane som avslutning på treningshalvåret. Her var det med totalt 17 deltakarar. Det inkluderer også ti vaksne som gjekk eller sprang over Kletten og Kulen. Dei yngste sprang løyper av ulik lengd i området rundt idrettsbana.

Deltakarar på løpskonkurransar

Sandsøy Idrettslag har i 2015 vore representert på mange ulike løpskonkurransar. Mest aktive har Anders Bringsvor og Eirik Voksøy Bringsvor vore. Dei har stort sett reist i lag, og har vore med på 16 løp inkludert Sjutoppsturen. Dels har dei hevda seg høgt på



Årsmelding 2015

resultatlistene. Mellom dei har vi tolv pallplasseringar. Av desse har Eirik stått øvst på pallen seks gongar.

Også Tony Stian Våge, Kristoffer Bugge og Åsmund Bringsvor har representert idrettslaget. Alle fem har hovudsakleg vore med på løp av typen terreng/motbakke/fjell.

Andre tiltak

Fredag 3. juli arrangerte vi uhøgtideleg fotballkveld på idrettsbana, der folk fritt kunne møte opp og bli med på eit lag. Både store og små viste interesse, og det var totalt 29 spelarar i aktivitet. Resten, som hadde møtt fram for å vere tilskodarar, fekk køyrt seg med å veive bort knott.

Frå juni til september var det for andre året tilrettelagt for tennis på grusen i Oshaugane. Vi har lite informasjon om kor mykje tennisbana har vorte brukt, men ein viss aktivitet veit vi at det har vore.

Søndag 27. desember skipa styret til nissemarsj frå Oshaugane. Her var det 22 deltakarar som i fakkeltog gjekk til inste Voren og tilbake i eit kaldt og klårt vintervær.

Medlemstal

Medlemstal for 2015

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år +	Totalt
Kvinner	2	6	3	0	17	28
Menn	2	6	2	1	21	32
Totalt	4	12	5	1	38	60

Medlemstalsutvikling 2011-2015

	2011	2012	2013	2014	2015
Kvinner	28	29	30	27	28
Menn	34	32	35	28	32
Totalt	62	61	65	55	60

Perioden 2005-2009 var medlemstalet oppe i mellom 80 og 100. Dei siste åra har vi hatt ein nokså stabil medlemsmasse på rundt 60 medlemmer. Det er verdt å merke seg at spesielt tillitsvalde utan aktive born har ein tendens til å ikkje teikne medlemskap. Regelen er at dei pliktar å gjere det, men dette vert ikkje handheva, truleg fordi vi "skal vere glade for at folk stiller opp i det heile".

Nokre skriv seg som medlem eit år, før dei "gløymer" det det neste, for så å betale igjen tredje året. Etter rett er det faktisk slik at som gjer det, faktisk får ein samanhengande medlemskap dersom dei på eit seinare tidspunkt betalar for det (dei) manglande året (åra).

Jamfør paragraf 5 "stemmerett og valbarleik" i vedtektene

(sandsoyil.no/attachments/File/Styre/Vedtekter.pdf):

"Medlemmer som skylder kontingent har ikkje stemmerett, er ikkje valbar og kan ikkje vere representant til ting eller møte i overordna organisasjonsledd. Medlem som skylder



Årsmelding 2015

kontingent for meir enn eit år, kan av styret strykast som medlem i idrettslaget. Dersom medlemmen, ved forfall skylder 2 års kontingent, skal medlemskapen bringast til opphør ved stryking frå idrettslagets side. Strykast ein medlem, kan det ikkje takast opp igjen før skyldig kontingent er betalt.“

Merk at dette ikkje har vore praktisert.

I fjor oppmoda revisorane oss om å prøve å få fleire som nyttar turløypene til å skrive seg som medlemmer. Vi har vel ikkje vore særleg aktive i dette arbeidet, men vi har eit par nye medlemmer i denne kategorien. Uansett er det mykje å gå på her – då hytte- og feriefolk så vel som fastbuande.

Vi har eit håp om at fleire vil bli med i idrettslaget når treningsstudioet er klart. Også at vi då klarer å femne om endå fleire av innbyggjarane.

Økonomisk status

Viser til rekneskapen for detaljert oversikt.

Rekneskapsåret 2015 er sjølv sagt noko spesielt, sidan vi er godt i gang med bygginga av tilbygget til klubbhuset. Om vi ser bort frå dette, har driftsåret vore om lag som tidlegare. Overskotet er større enn i 2014, sjølv om inntektene er mindre. Altså er utgiftene redusert.

August-helga var ikkje i fjor. Den genererte 35 000 kroner i 2014. Unnateke dette, var inntektene større enn i 14. Tilskotet frå dei lokale aktivitetsmidlane er hovudårsaken.

Det store spranget i kioskinntektene skuldast hovudsakleg fotballturneringa som åtteårslaget arrangerte. Nesten 10 000 kroner kom inn i kiosken og grilltellet samla sett. Dette er ein type arrangement som gir store inntekter, men sidan vi berre har eitt lag som deltek i turneringar, vert det turnering her på øya maksimalt annakvart år.

Sjølv om arrangementet totalt sett hadde mindre inntekter enn i 2014, vart det også ein fin auke på sponsorsida i samband med Sjutoppsturen. Her fekk vi inn 11 000 kroner i 2015, mot 8 000 året før. Totalt sett vart det eit overskot på om lag 28 000 kroner langfredag, kontra knappe 11 000 i 2014.

Dette skuldast hovudsakleg innkjøpet av 75 t-skjorter (8 000 kroner) og 1000 medaljar (21 000). Ut i frå deltakinga dei siste åra, vil medaljane vare i om lag tre år. Klarer vi å halde statusen til Sjutoppsturen, og kanskje utvikle den ytterlegare, vil det vere inntektpotensial både med tanke på sponsorar og arrangementet generelt.

Av andre inntektsbringande tiltak vi har hatt, er innsamlinga av gamle/brukte mobiltelefonar. Her kom det inn 2 490 kroner, men dette kjem på rekneskapen for 2016.

Sandsøy Idrettslag
6089 Sandshamn



Årsmelding 2015
Sandshamn, 31. januar 2016

Styret i Sandsøy Idrettslag

Anne Bjørg Bringsvor, leiar

Endre Vorren, nestleiar

Eirik Voksøy Bringsvor, sekretær

Svein Helge Bringsvor, kasserar

Knut Olav Skare, styremedlem